Saksframlegg om kvalitetssikring og vurdering av omlegging for sensur av masteroppgåver.

I samråd med fagansvarleg for masteroppgåver Marte Kjørven vil eg som ansvarleg for femte studieår be PMR vurdere å sette ned eit utval som kan sjå på moglege løysingar for kvalitetssikring av sensur på masteroppgåver, og samtidig vurdere behovet for omlegging av sensurordninga for masteroppgåver ved MiR.

Behovet for å sjå nærare på sensurordninga er identifisert i arbeidet med rapporten «Studenten som forsker; Studenten-som-forsker-rapport-V2022.pdf (uio.no)

Fakultetet har i dag ei ordning for sensur av masteroppgåver, JUR5030, der rettleiar vel ut sensor 1, og så blir sensor 2 peika ut av administrasjonen frå lista over alle som har vore rettleiarar. Ordninga synest å ha administrative fordeler. Om ordninga fremjar kvalitet og einskapleg sensur på den beste måten er meir usikkert.

Ein bør også sjå nærare på sensorordninga for JUR5060. Der peikar rettleiar i dag ut begge sensorane.

Eksempel på spørsmål som aktualiserer arbeidet er korleis ein sikrar at sensorane fylgjer utviklinga med bruk av andre metodar enn reint rettsdogmatiske, og om ein bør vurdere ordningar der kvar sensor får eit breiare vurderingsgrunnlag enn det ein får gjennom sensur av enkeltoppgåver.

I tråd med det skisserte i rapporten «Studenten som forsker» ber vi PMR sette ned eit utval som ser nærare på desse spørsmåla, og som kan vurdere andre modellar for sensur av masteroppgåver. Som også peika på i rapporten kan utvalet gjerne sjå til kva løysingar som finnes ved UiB og UiT for eventuelt å hente inspirasjon til forbetringar.

Utvalet bør ha representantar frå dei vitskaplege, administrasjonen og gjerne ein ekstern representant med erfaring frå sensorverksemd ved fakultetet.

Beste helsing

Katrine Broch Hauge

Førsteamanuensis, Nordisk Institutt for Sjørett, Avdeling for Energi og Ressursrett,

Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo